

ÅRSMELDING FRÅ FAU VED LONEVÅG SKULE

SKULEÅRET 2016-2017

FAU dette året:

Leiar: Eva Winther

Nestleiar: Nelia Steine

Kasserar: Jane Britt Gullbrå

Skrivar: Bente Tepstad

Samarbeidsutval: Eva Winther, Nelia Steine

Skulemiljøutval: Eva Winther, Nelia Steine, Helge Låstad

PALS-team: Solfrid M. Lone

Dugnadsansvarleg: Bjarte Revheim

Musikkanleggansvarleg: Sandra Kollvangsnes

Kanoansvarleg: Målfrid V. Lone

Styret i FAU 2016-2017 har bestått av:

Leiar: Eva Winther

Nestleiar: Nelia Steine

Kasserar: Jane Britt Gullbrå

Øvrige medlemmar: Anette Holmelid Elvik, Åse Løtveit, Nadja Tysse, Sissel Revheim, Marion L. Jørgensen, Lillian Solberg.

FAU har også dette året vore samansett av to foreldrekontaktar frå kvar klasse, bortsett frå 7.klasse som valde 3 stk grunna stor klasse. Rektor Kristin-Merete Nøttveit har også delteke, Kate Kollvangsnes har vore stedfortredar for rektor. FAU har hatt 10 ordinære møter.

AKTIVITETAR DETTE SKULEÅRET

- Lysfest 5. desember. 1. klasse hadde ansvaret for arrangementet. Salg av fakler og lucialys, fakkeltog til Peraplassen, toradermusikk, kafe, Haus og Lonevåg Skulemusikklag, gang rundt juletreet, nisser og fyrverkeri.
- 17. mai arrangement i Osterøyhallen. 2. og 7. klasse hadde ansvar for arrangementet. Talar for dagen Jon Flydal Blichfeldt, song av 2. klasse og elevar frå fleire andre klasser, innslag av gruppe frå Haus og Lonevåg Skulemusikklag, Småradarane på Osterøy, og Fredrik Strand Blichfeldt.
- Dugnad: 29. mai. 5. klasse var kafeansvarlege. Ca. 50 pers. møtte. Tømmertrappene vart ordna, satte opp gjerde ved trappa på nordsida av skulen, reparerte og måla benkane, måla oppatt paradiset, felt og fjerna velta tre, tatt ned laus basketballkorg, kosta asfalt, rydda skråningen ned mot rundkjøringa og vegen.
- Sommaravslutning 14. juni. Skulen er arrangør. 6. klasse hadde ansvar for kafeen.

Referat frå arrangementa ligg på Google Disk.

ANDRE OPPGÅVER/SAKER

- Skuleruta 2016/2017, 7 elevfri dagar.
- Sendt infoskriv til skulen ang. FAU/foreldra sine arbeidsoppgåver i løpet av skuleåret ved Lonevåg Skule, og bede dei om å dele dette ut til alle nye elevar.
- Gitt kr 50,- pr elev til juleverkstad for elevane.
- Løyvd ca. kr 8000,- til trivselsleiker til Trivselsleiarprogrammet ved skulen, Frisbee Golf.
- Utvida skulemelksortimentet.
- Kjøpt inn nye mikrofonar til FAU sitt musikkanslegg. Dette er mikrofonar som eignar seg betre til kor.
- Tatt opp saka om at sparkesyklar vart lånt/stole frå elevane på skulen. Rektor kommuniserte med OUS, og problemet vart løyst ved at sykkelparkeringa vart flytta.
- Utleige av FAU sine kanoar. Hovudansvaret for utleige av kanoane ligg nå hos skulen ved Kate Kollvangsnes, dette for å unngå dobbeltbooking. FAU har fortsatt ein kanoansvarleg, som har ansvar for tilsyn og reparasjon av kanoane.
- "Dark room"-saka. Saka var oppe i FAU. FAU meiner at dersom elevane skal informerast om dette temaet skal det gjerast av profesjonelle personar som har fagleg kompetanse. Skulen kontakta helsesøstrene i Osterøy Kommune. Osterøy Kommune har ikkje noko undervisningsopplegg ang. temaet. Helsesøstrene har starta innhenting av kompetanse blant anna frå Bergen Kommune, som har eit slikt undervisningsopplegg. Dei vil laga eit eige undervisningsopplegg for å kunne informere elevar i Osterøy Kommune, om overgrep mot barn og det å kunne seie ifrå om dette.
- Osterøykalenderen. FAU har tatt opp med skulen at det er ønskelig med eit informasjonsskriv om kalendersalget. Antallet kalendarar elevane skal selge er og tatt opp. Det er for mange kalendrar pr. elev i områder med stor elevtetthet. Skulen seier at det sikkert er mogleg at Lions lager eit slikt infoskriv til neste år. Antallet kalendrar kvar elev skal selge, kan og verte tilpassa elevtettheten der den enkelte bur.
- Deltaking av dei eldste elevane på lysfesten. Det har i fleire år vore dårlig deltaking av dei eldste elevane på Lysfesten. Styret i FAU sendte brev til Osterøy Idrettslag, med ønske om å unngå trening på sammenfallende tidspunkt med Lysfesten. Forespørsel til elevrådet om innspel til korleis dei eldste elevane kan verte motiverte, slik at fleire deltek på Lysfesten.
- Fotografering. For at skulen fortsatt skal få gratis skulekatalog, er betingelsen fra Foto Norden at dei skal få ta portrettfoto av tre klassetrinn. FAU meiner skulekatalogen er eit så godt verktøy at dei får fotografere 3 klassetrinn, i og med at dette er digitale bilete som ein ikkje treng kjøpe. Det vart vedtatt at det kunne verte tatt portrettbilete av 1., 4. og 7. klasse.
- Skulevegen forbi Lonevåg barnehage. Parkeringsplassen er uoversiktlig i dårlig belysning om morgonen. FAU kontakta Lonevåg Barnehage, som allereie hadde hatt saka oppe. Barnehagen hadde alt tatt saka opp med sektorkontoret. Dei hadde hatt ei synfaring og det vil komma utbetringar av av skulevegen gjennom parkeringsplassen.
- Sendt skriv til skulen i forkant av 17. mai, om kva FAU ønsker at skulen skal gjere i samband med 17. mai.
- Ny kontrakt med Osterøy Aktiv. FAU her forhandla ny kontrakt med Osterøy Aktiv, ang. leige av Osterøyhallen til 17. mai arrangementet. Ny kontrakt gjeld i 5 år, med første leigeår 2017.
- Ny kontrakt med Haus og Lonevåg Skulemusikklag. FAU har forhandla ny kontrakt med Haus og Lonevåg Skulemusikklag ang. speling til 17. mai og Lysfesten. Ny kontrakt er vedtatt på ekstraordinært årsmøte 19.06.2017.
- Ny kontrakt med Osterøy Janitsjar. FAU har forhandla ny kontrakt med Osterøy Janitsjar ang. speling til 17. mai. Osterøy Janitsjar har nå hovudansvaret for spelinga på 17. mai. Ny kontrakt er vedtatt på ekstraordinært årsmøte 19.06.2017.
- Rydda i løa. FAU rydda i løa 13.03.17. Viktig å holde orden i løa etter 17. mai arrangement. Innhaldet i kassane vart sortert, kassane vart merka, og utstyret vart organisert i hyllene og

elles. Løa er ryddig etter årets 17. mai arrangement.

- Antall klasser i 17. mai komite. FAU har drøfta om framtidige klasser som skal arrangere 17. mai er store nok, i forhold til om det er et stort nok antall foreldre i klassene, til å kunne gjennomføre arrangementet slik det er i dag. Arrangementet slik det er i dag krev ca. 60 pers. i aktivitet heile dagen. Framtidige FAU må vurdere om fleire klasser må vere med i 17. mai komiteen, eller om ant. aktivitetar på arrangementet må reduserast. Sjå referat frå årets 17. mai komite.
- Acetylegass, sveisegass ved Osterøy vidaregåande skule. Etter eit uhell der ei antatt tom flaske med acetylegass kvelva, vart brannvesen og politi varsla, og kom til staden. Etter at FAU tok opp saka med Lonevåg skule, har leiinga ved skulen vore i kontakt med Osterøy vidaregåande skule. Osterøy vidaregåande skule har hatt ein gjennomgang av sikringsrutinane rundt gassflaskene, og det er innført nye varslingsrutiner til dei omkringliggende skulane grunna eksplosjonsfara ved uhell.
- Førebyggande kurs/undervisningsøkt for dei eldste elevane ang. nettvett/nettmobbing. Sidan kommunens store fellesmøte, med skodespel an.g nettmobbing, fekk ei aldersgrense frå 8. klasse, ønska FAU at dei eldste elevane ved Lonevåg Skule også skulle få eit kurs/undervisningsøkt i nettvett/nettmobbing. FAU ønska at elevane vart samtala med/informerte om både det etiske og det strafferettslige ansvaret rundt nettmobbing. Skulen kjende til ein politimann i Åsane som tek på seg slike undervisningsøkt. Skulen kontakta politimannen. Kurs/undervisningsøkt vart halde for 5.-7. klasse 19.05.2017. Elevane sjølv meinte at dei hadde eit godt utbytte av undervisningsøkt. Nytt kurs/undervisningsøkt bør arrangeres om nokre år, når det er nye 5.-7. klassingar.
- Oppmerking av bussterminal. I fjor (2015-2016) jobba FAU for å få på plass oppmerking av bussterminalen. Dette kom på plass i oktober i fjor (2016). I løpet av vinteren vart oppmerkinga veldig slitt enkelte stader. FAU har bede om att oppmerkinga vert gjentatt. Dette vert gjort så snart været tillet det. Vaktmester vil og male oppatt stripene som gjekk på tvers av veien, for å markere fotgjengerovergang, ved rundkjøringa ved skulen. Fornyng av oppmerkinga på bussterminalen bør verte gjort kvart år pga slitasje.
- Vennebenk. FAU har tatt opp saka med skulen. FAU ønsker at det kommer ein vennebenk på skulen. FAU er og positive til heilt eller delvis å finansiere ein slik benk. OPRO lagar benker i regnbogefargar som eignar seg til dette føremålet, og FAU meiner at det er eit godt alternativ å kjøpe ein benk der. FAU har bede skulen ta saka opp både med dei ansatte og elevrådet. FAU meiner at eit eventuelt arbeid med vennebenken kan inngå i den fasen av Læringsmiljøprosjektet som elevrådet nå går inn i, der elevane skal vurdere seg sjølv, korleis dei er og bør vere. Skulen vil ta forespørselen om vennebenk opp med det nye elevrådet etter at det har konstituert seg. For at ein eventuell vennebenk skal fungere er det viktig at både vaksne og elevar ved skulen har arbeidd med temaet, veit korleis ein vennebenk skal brukas, og er innstilte på å bruke den.
- Reinhold i Osterøyhallen. FAU har arbeida aktivt med saka heile dette skuleåret. FAU ved Lonevåg skule har i fleire år vore i kontakt med kommunen og Osterøy Aktiv vedrørende reinholdet i Osterøyhallen. Dette har skjedd gjennom rektor, og FAU har også tatt direkte kontakt, med tilbakemelding om at reinholdet i Osterøyhallen skal forbeholdt. FAU ved Lonevåg skule skreiv i juni 2016 eit brev til styret i Osterøy Aktiv angående det mangelfulle reinholdet i hallen. Stillinga som dagleg leiar i Osterøy Aktiv vart utlyst hausten 2016. Osterøy Aktiv inviterte FAU ved Lonevåg Skule til eit møte med styreleiar og dagleg leiar i Osterøy Aktiv. møte vart halde 08.11.2016. Fleire andre interessegrupper var og representert på møtet. Alle interessegruppene ønska betre reinhold. Det var fleire møter i saka. FAU sendte ei offisiell bekymringsmelding vedrørende langvarig dårleg reinhold i Osterøyhallen til kommuneoverlegen/smittevernlegen i Osterøy Kommune. Ny dagleg leiar i Osterøy Aktiv tiltrådte 01.04.2017. Tilbakemeldinga frå skulen er at reinholdet no er bedra.

- Utbedring av bussterminalen ved skulen. FAU har dei siste to åra, med jamne mellomrom, tatt opp saka om å betre forholda for dei mjuke trafikantane på bussterminalen ved skulen. FAU tok også i vår oppatt saka. FAU ved OUS vart kontakta, me vart enige om å prøve løfte saka opp til sektorkontoret. FAU ved Lonevåg skule har hatt møte med sektorleiar for oppvekst, undervisning og kultur, der saka vart lagt fram. Sektorleiar tok saka og innkalte til stort møte/synfaring der representantar frå Lonevåg Skule, Osterøy Ungdomsskule, Osterøy Vidaregåande Skule, FAU Lonevåg Skule, FAU Osterøy Ungdomsskule, teknisk etat og TIDE var tilstades. Bussterminalen manglar heilt fotgjengarovergangar. Som strakstiltak for å betre forholda ved levering og henting av elever ved Lonevåg Skule, vart parkeringsplassen nærast skulen frigjort til dette føremålet. På møtet/synfaringa kom det forslag om tiltak som kan settes i verk både på kort og lang sikt. Tiltak som skilting vil verte satt i verk snarast råd. Dei meir langsiktige tiltaka vil verte tatt med inn i budsjettprosessen i haust. Sektorleiar vil nå følge opp saka. Det er viktig at framtidige FAU også fortsett å følge opp prosessen.

ANNA

- Det har vore kalla inn til PALS møter med ca. 6 vekers mellomrom dette skuleåret.
- Det har vore eit Samarbeidsutval/Skulemiljøutval møte. FAU deltok på dette møtet.

Eva Winther

Leiar